

Kyrkjeposten



Informasjonsblad for Etne og Skånevik sokn

Desember 2024



KM-karar i 30 år

Skånevikspeidaren snart på plass i eige hus


Kyrkja i Etne og Skånevik

Soknerådsleiar Skånevik: Siri Elisabeth Eikemo
Soknerådsleiar Etne: Marta Onstein

Leiar i Etne kyrkjelege fellesråd:
Gerd Ingunn Opdal

Adresse: Enge 5, 5590 Etne
Telefon: 53 77 11 70

Tilsette:



Aud Jorunn Grønstad Baustad
Kyrkjevevjerje
kyrkjevevjerja@etnekyrkja.no
96 01 68 64



Randi Frette
Kyrkjelydssekretær
sakshandsamar@etnekyrkja.no
53 77 11 75



Kari Vik Stuhau
Sokneprest i Etne
soknepresten@etnekyrkja.no
53 77 11 71/97 57 30 21



Elisabeth Vae Haaland
Barne- og ungdomsarbeidar
bua@etnekyrkja.no
90 06 27 28




Linda Horne Hjelmtveit
Kyrkjegardsarbeidar
kga@etnekyrkja.no
47 63 47 77



Oleksandr Zavialov
Kyrkjegardsarbeidar, vikar



Solveig Sørheim Eikanes
Organist
organist@etnekyrkja.no
40 28 68 71



Tone Heide
Organist
toneheide65@gmail.com
41 33 64 09



Randi Matre
Kyrkjelydspedagog
tru@etnekyrkja.no
99 64 36 74

Velkommen til julekonsertar i kyrkjene våre i adventstida

7. des. kl. 17.00 Julekonsert i Skånevik kyrkje ved Kolneskoret

12. des. kl. 18.00 Julekonsert med lokale krefter i Etne kyrkje

15. des. kl. 17.00 Julekonsert med lokale krefter i Skånevik kyrkje

17. des. kl. 18.00 og kl. 20.00 Julekonsert med Skakkekoret i Etne kyrkje. Inngongsbillett.

Bruk av dei gamle kyrkjene i Etne

Etne kyrkjelege fellesråd finn det økonomisk nødvendig å innføre betaling for bruk av dei tre gamle kyrkjene i Etne sokn, gjeldande for heile året. Dette trer i kraft 1. jan. 2025.

Taksten vert sett til kr 500 for gravferd og vigsel. Ved utleige av ei av dei gamle kyrkjene til andre tilskipingar, kjem denne taksten i tillegg til dei vanlege utleigesatsane.

For å redusere straumkostnadene mest mogeleg, vert det som hovudregel ikkje planlagt gudstenester i dei tre gamle kyrkjene i vinterhalvåret – frå 1. okt. til påske.

Alle kyrkjelege handlingar i Etne kyrkje er kostnadsfrie for medlemmene i soknet.

Julemysteriet

Det er snart jul, saman skal me feira det største mysteriet; at Gud vart menneske, Gud si radikale handling, å kome til oss som eit sårbart menneske, som eit lite barn, i Jesus Kristus.

Nokon av oss ser fram til jula med glede og forventning, andre med uro, bekymring og smerte.

Året me snart legg bak oss, har vore fylt av grusomme lidingar verda over. Me blir rysta av lidingane i krigane i Ukraina og i Midt-austen. Sorg, fortvilning og avmakt kan lamma oss. Kven er Gud i alt dette?

Kva var den første lyden som vart høyrte i Betlehem for over 2000 år sidan? Det må ha vore gråten til det nyfødte Jesusbarnet. Den gråten vitnar om ein Gud som gjer seg sårbar for å kome oss nær.

For meg er bilete av den gråtande Gud, eit av dei sterkaste og aller sannaste kristne gudsbileta. Eg trur ikkje på ein Gud som er urørt av all lidinga i verda. Eg trur på ein Gud som lid og gret med alle menneske som har det vondt, alle uskuldige som vert råka. Med alle som er redde og fryktar for

framtida.

Den gråtande Gud har gitt oss eit heilagt ansvar; å vera hans hender og føtter, hans reiskap for fred og rettferd for våre medmenneske. Me kan alle gjera noko, og me er kalla til å kjempa mot urett og intoleranse, for sanning, fridom, fred og forsoning, både her heime i våre fellesskap, og der me kan bidra også ute i verda. Julenatt minnar oss om tydinga av kjæleik, gjestfridom og miskunn.

Jesus er sann Gud og sant menneske på ei og same tid. Gud lar seg finne i det menneskelege. Derfor er ingen menneskeleg erfaring og kjensle framand for han. Uansett kven me er, og kva me bere på, korleis livet vårt er, så vil han som vert kalla Imanuel, som betyr « Gud med oss», vera nær oss alle dagar og alle slags dagar, i tid og æve.

Det gir juleglede, framtid og håp!

*Øyvind Heggland
Prostiprest*



En jul å
glede seg til

Blå Kors har flere tilbud for barnefamilier som strever. Med din støtte kan vi hjelpe flere!

Gi din støtte til familier som har det vanskelig

Gi din gave på **vipps 936679**



Juleminne frå farne dagar

96 år gamle Tormod Mo er ein kjent person å sjå og treffa i Etne, anten det er på ståvo på Frivillighetssentralen, på butikken eller i kyrkja. Uvanleg sprek tross sin høge alder, og sjølv om både hørsel og synet har minka litt for mykje det siste året, bur 96 åringen framleis heime i huset rett ved hovudvegen ovanfor Etne Senter. Den ettermiddagen Kyrkje-posten er innom og vil slå av ein prat, er det få dagar sidan julelysa og snøkrystallane på senter-veggen vart kopla på og lyser inn i stova til Tormod. I stova og huset der han har budd sidan han og kona Halldis flytta inn på femtitalet, der han har fostra opp ein son og ei dotter, og han nå har budd åleine som enkemann etter at kona Halldis døydde for åtte år sidan. Han kjenner ennå på saknet, men mest takksemd for eit godt liv ilag. Sjølv om han er åleine nå.

Tormod er glad i å prata med folk, og har mykje artig å fortelja.

Han er litt usikker på kor mykje minner om advent og juletida han klarar å henta fram, men det er ikkje lenge før me har notert oss ein heil del. Tormod har vore maskinist og «på sjøen» store deler av yrkeslivet, og segla på dei sju hav, med lasteskip med kol og tømmer og lokomotiv. Mellom Statene, Østen, og Europa. Seinare vart det «offshore» og arbeid i Nordsjøen. Han har vore pensjonert i ein mannsalder allereie.

I tida som sjømann, var det ingen sjølvfølge at han var heime i juletida, det kunne vera berre annankvart år og det, i den perioden.

Tormod vart fødd i 1928, i Imsland, på garden Hustveit, der mora kom frå. Namnet Mo hadde far hans med seg frå Mo i Suldal. Far var kyrkjetenar i kyrkja, ein stor syskenflokk på åtte, og mange munnar å metta. Såleis vaks Tormod opp midt i dei harde tredve åra, og fram til krigen tok slutt i 1945

var det slik at det var lite arbeid, og mykje slit og dårleg utkome, for dei som hadde arbeid. Lite pengar og lite varer å få tak i. Han kan likevel ikkje hugse at dei mangla noko. Og oppveksten må ha vore god, fire av syskena hans er over 90 år og lever enno.

Det var to gode ting med krigsåra, variasjon frå grauten, det var poteter og sild, som dei fekk tak i rikeleg av. Nokre griser var vanleg å ha, og slik lei dei inga naud.

Far hans ville helst ha med seg gutane oppe på galleriet når han var på jobb i kyrkja, litt for å halda auga med dei, men også for å hjelpa til med å trø belgen på trøorgelet, når han skulle gjera andre oppgåver. Tormod fekk tidleg kyrkja som ein heim. Presten dei-ra skulle vera i tre kyrkjer på den tida, så det var ikkje julaftegudsteneste kvar jul. Men ofte juledag, ein dag som ein elles var heime, ein gjekk ikkje nokon annan stad enn i kyrkja den dagen. På julafta, etter at juletreet var teke inn og pynta, var det risengrynsgraut, og kjøtkaker eller kotelettar som var julematen.

2. juledag var det alltid juletreffest på ungdomshuset. Det var tronge kår, og festmat måtte ein kjøpa sjølv, gjerne snittar med egg og ansjos. Alle fekk kvar si halve appelsin, og dei hadde flott og stort juletre med levande lys, som dei gjekk rundt. Og song alle julesongane, gjerne tre ringar rundt treet, men dei måtte vera veldig forsiktige, så det ikkje tok fyr.

Litt juleførebuing i adventstida hadde dei, mykje matlaging, julekaker og strikking og laging av mjuke pakkar. Jentene laga litt julekorgar av glanspapir. Og oppi dei skulle det hengja nøter og fiken. Borna såg fram til jula med glede og takksemd.

Alle fekk julepresang, bestemora fekk alltid



*Foto:
Steinar
Frønsdal*

almanakk, borna fekk leiker, spel, ludo og gnáv, men ikkje minst, presangar som dei trong, strikka klede, vottar og sparebørse. Det var kje fritt for at dei kunne klara å tena seg nokre slantar, på potetopptak og ærend for dei vaksne, som gjorde at dei kunne putta nokre øre på sparebørse av og til. Det hende dei vart freista til å pirka ut igjen frå sparebørse og, karamellane kosta 1 øre, og dei

minste sjokoladane 10 øre. Juletida var tida då dei fekk smaka sydfrukter og appelsinar, noko som ikkje var så vanleg elles.

Me takkar Tormod for desse små minna om juletider ifrå farne dagar, og vonar me har lært noko om å vera takknemlege.

Steinar Frønsdal

Trusopplæring til våren

26. januar blir det TÅRNAGENTAR i Gjerde kyrkje for 8-åringane både i Etne og Skånevik

I februar blir det snikkerverkstad for 9-åringar i Skånevik

I mars/april er det dåpsskule for 6-åringane både i Skånevik og Etne.

Bilde av tårnagentar. Foto Sven-Erling Brusletto



Familiespeidaren er i gang

Laurdag 21. september starta familiespeidaren i Etne opp att, og me hadde nokre koselege timar saman på Osnes der borna leita etter småkryp på «smådyrsafari», spelte bilde-lotto, leikte saman og steikte pinnebrød på bål – både med og utan sjokoladebitar!

Det var veldig kjekt å treffe så mange famili-

ar, og me fekk erfare at familiespeidaren er en fin sosial arena for vaksne så vel som borna. Me som driv familiespeidaren håpar at også du kjem på møta våre. Kanskje Besto og Besten har lyst til å være med, eller ta med barneborna sine?

Vidar Fagerjord Harbo

Kva er familiespeiding?

Familiespeidar er eit lågterskel fritids-tilbod, kor heile familien skal få tid og opplevingar saman. Målgruppa er barnefamiliar med barn i alderen 0-6 år, men alle er sjølvsagt velkomne! Det er ingen krav om speidarerfaring, og ein vel sjølv om det blir eitt eller mange speidarmøter.

Familiespeiding er ein fin måte å møte andre barn og vaksne.

Aktivitetane legg opp til enkle og morosame opplevingar ute for små og store, med fokus på meistring og det å prøve sjølv.

Datoar og aktivitetar:

19. okt.: Naturbingo og grønsaksuppelaging

9. nov.: "Mus for ein dag" og tortillalefser

Tid: 13:00 - 15:00

Stad: Ved Paviljongen i Ola Vik/Osnes

Hugs å ta med:

- Drikke til alle møter
- Sjekk kvart møte for spesifikke ting å ta med

Gje beskjed om allergiar.

Spørsmål? Kontakt Astrid Fagerjord Harboe på tlf. 414 311 57

Vi gler oss til å sjå dykk i naturen!

De kan finne semesterplanen på nettsida vår:

<https://etne.kmspeider.no>

Klikk på «om oss» -> semesterplan familiespeiding



Fredagsklubben i Etne

Kvar anna fredag er det fredagsklubb i kyrkja og på bedehuset. Me delar Fredagsklubben inn i to grupper; 1.-3. klasse og 4.-7. klasse, der kvar gruppe har fredagsklubb anna kvar gong – altså om ein gong kvar månad. Fredagsklubben er frå 18:00-19:30, alle er hjarteleg velkomne!

Me møtast først for ein kort andakt, så delar me oss i grupper og har aktivitetar som brettspel, matlaging/kjøken, teikning, ballspel, perling, nålefilting og så vidare. Etter ei times tid er det tid for noko å bite i, som kjøkkengjengen har stelt i stand.

Me som driv tiltaket blir veldig glade om me får hjelp av foreldra til borna og andre vaksne som vil bidra. Å halde styr på 30-60 herlege ungar krev at me er nokre vaksne, for me

må passe på at alle har det kjekt, ingen fell utanfor og at alle har det bra. Ta gjerne kontakt med oss og meld dykk på ein eller fleire kveldar – for om me ikkje er nok vaksne ein av gongane, må me diverre avlyse den dagen. Om du har eigne aktivitetar du har lyst å hale på med er det berre å si frå, så hjelper me til med både det praktiske og ordnar det økonomiske.

Me har eigen Facebook-side, og du finn ho om du søkar på «Fredagsklubben Etne INFO». Der finn du meir informasjon. Lik og følg gruppa, så får de informasjon fortløpande.

Vidar Fagerjord Harbo

Fredagsklubb i Skånevik

På bedehuset i Skånevik er det fredagsklubb for 5.-9.klasse annakvar fredag, i mellom haustferien og påske. Det startar med leik og samling oppe, før ein går i kjellaren. Her kan ein vera med å lage mat, spele ulike spel eller

drive med hobbyaktivitet. Kvelden blir avslutta med eit felles måltid.

Kari Johansson



Klipp ut eit rektangel på 15 x 15 cm og eit på 10 x 15 cm og brett dei som trekkspel, med ca. 1 cm breie brettar.

Julepynt av gamle bøker

Kanskje har du ei salmebok som du kan bytta ut? Kanskje finn du gamle bøker på ein av dei flotte bruktbutikkane i kommunen? Her er tips til korleis du lagar julepynt med gjenbruk:



Tre ein tråd gjennom dei to «trekkspela» og ei treperla med ei nål. Stram til og set knute i toppen og botnen



Lim saman skjørtet i midten framme, og lim fast vengene til skjørtet. Engelen er klar til å hengast på juletreet.



Det nye speidarhuset i Skånevik

Foto: Sylvia Thör

Skånevikspeidarane snart på plass i eige hus

Skånevikspeidarane har halde til på loftet av gamleskulen i omtrent 50 år. I sommar vart Skånevik Lionsklubb oppløyst, og klubbhuset deira like ved Motormuseet i Skånevik vart gitt vidare til Skånevikspeidarane. Ei fantastisk gåve!

Skånevikspeidarane har speidararbeid for born og ungdom i alderen 9-16 år, med møte anna kvar onsdag. Denne hausten er det og gjort forsøk med eigne møte for gutar. Dette har vore vellukka, og det vil bli tilbod om det også til våren. Til neste sommar er det landsleir på Gjøvik som blir ei oppleving for store og små.

I haust var speidarane med på strandryddingsprosjektet «Rein Hardangerfjord», og tok kanoane fatt ut til Skåno. Ei positiv overrasking var at det var lite boss å finna. Dei var likevel heldige og blei trekt som vinnar av 10.000 kr for innsatsen.

Foto: Sylvia Thör



KM-karane gjennom

Det som i dag heiter KM-karane var i starten, i mai 1994, berre nokre menn som under konene sine klubbkveldar rundt i heimane samlast på kjøkkenet. Dei smaka på restar og praten gjekk alltid godt. I brev av 30.05.1994 skriv leiar av Etne KFUK – KFUM til denne «kjøkken-gjengen» og spør om dei kan tenkja seg å vera ei støttegruppe for Utsikten kristelege leirstad. Utsikten vart kjøpt i 1981. Dette hadde vore hotell før, men var no svært nedslite. Sørbygda- og Nordbygda kr. Ungdomslag i Etne var dei største aksjonærane ved kjøpet. Det var andre lag og foreiningar på Haugalandet som og var aksjonærar på same måten. Kjøpet utløyste eit svært behov for opprusting og kapital til dette. Denne kjøkkengjengen som no hadde funne på eit nytt namn, «Friluring-ane», hadde lenge vore dei viktigaste drivarane for vøla og det vart nedlagt mange dugnads-timar på Utsikten. Mange fleire utanom den «harde kjerne» vart også med i arbeidet som etter kvart medførte at det vart ein fin og etter måten moderne leirplass klar til å ta mot gjester. Mange unge og eldre har besøkt staden og har gode minner derifrå.

Friluringane, som no tok på seg å vere ei støttegruppe, fekk etter kvart større og større oppgåver med å skaffe driftsmidlar til staden, og mykje vedlikehald og utbetringar vart det framleis ei god tid framover. Ein forstod at beste måten til å samle inn midlar, var å halde basar. Ein av karane i gjengen, Arve Ericson, dreiv snikkarverkstad i det gamle Sion (Pinsemenigheten sitt hus i Etne) som han hadde fått leige over tid. Der fekk Friluringane låne lokale og verktoy, og då starta eit arbeid som har halde fram i alle åra etterpå, nemlig å lage gevinstar til basarane. Mesteparten av gevinstane vart sjølvproduserte i starten og i nokre år framover.

Leigeavtalen og innbu vart seinare overført til Friluringane med oppkjøp av utstyret. Her var og samlingar i eit siderom og då var det kveldsmat og gjennomgang av neste søndags preiketekst. Verkstaden vart etter kvart litt liten, og me såg oss om etter ein ny stad. Frå 1. mars 2007 fekk ein avtale med Etne E lag om leige av lokale i Steinshagen. Det vart stor aktivitet der og i 2011



flytta vi til Sørstranda, der vi kjøpte Sørstranda forsamlings hus for ein svært rimeleg pris.

Denne flokken har hatt mange namn: Kjøkkengjengen, Friluringane, Utsiktens venner og no KM-karane. Dette namnet har vi bore i om lag halve tida. Dette skriv seg frå den tida då gruppa var tilknytt Norges KFUK-KFUM. Namnet KM-karane blei til av namnet KFUK-KFUM, men for nær 20 år sidan ynskte ein del av karane å stå uavhengige til nokon organisasjon, men at ein heldt fram som ei undergruppe av kyrkja vår i Etne.

Det vart tidleg starta opp eit songfellesskap som ein etter kvart under sterk tvil våga å kalle kor. Dette blei etter kvart eit populært innslag i ulike arrangement rundt om på heile Haugalandet og meir til. Dette vart etter kvart det sentrale for KM-karane. Vi har til og med skaffa oss uniform. Vi har alltid hatt øving kvar 14. dag. Musikalsk leiar var i mange år Astrid Kringlebotten, seinare var Torunn Mæland med og Edvard S Fatland. Når desse trekte seg/slutta var me heldige med at

n 30 år - 1994 – 2024



Foto: Økland foto

Jørgen og Stein Gunnar har teke seg av musikken. Me hadde og Sigrid Klungland som dirigent frå 2010 fram til 2022.

KM-karane har drive med mange ting oppigjennom åra. Utanom songen som har vore det viktigaste, har vi som nemnt drive med Utsikten-basar. Denne har gjeve ca. kr. 40.000 - 50.000 kvar gong, som har blitt overført til Utsikten. Andre innsamlingsmåtar så som utkøyring av telefonkatalogar, biltemakatalogar, og seinare åra Kyrkjeposten, har og gjeve ei god innkome til laget. Eksempel frå 2003, netto ca kr. 19.000. Hoggning av «oddastaur», staur til speidarleirar i distriktet og brøytestikker til Vegvesenet, var ein stor aktivitet særleg i den fyrste halvparten av dei 30 åra. Pengar vart det her også. Kan nemne at etter bruk av speidarstaur, fekk vi dei tilbake og kapp dei opp til ved for sal. Det vart mange sekkar. Alle monnar drar, heiter det.

I mange år var KM-karane ansvarlege for avfallshandtering på Etnemarknaden. Dette gav og pengar i dugnadskassen. Og så må det nemnast at

vi også i nokre år bygde «marknadskyrkje» av tømmerhun der folk kunne gå inn for ei roleg stund i ståket, og slå av ein prat med folk frå kyrkja.

Etter at den nye kyrkja vart teken i bruk, har vi hatt basar der innkoma er delt på både Utsikten, kyrkja og Enge bedehus. Siste basar var i 2017. Vi har innsett at alderen tyngjer for dei fleste og aktivitetane har vorte mykje reduserte. No likar vi aller best å vere sosiale og prate med kaffi og noko attåt.

Sidan vi har fått til ein god verkstad på Sørstranda, har vi i mange år hatt oppdrag frå Granberg Garveri AS om å laga såkalla salsstativ for skinn. Det har vore levert parti på 10 / 20 / 30 stk. Ein fin aktivitet som ikkje krev så mykje styrke eller kompetanse. Ein del år har vi også vore med på trusopplæringa til kyrkja ved å tilby 9 åringane eit par kveldar med juleverkstad. Dette har vorte eit svært populært tiltak.

KM-karane har kvart år sidan 2008 vore på sommertur. Korte ein dags turar eller opp til ei veke til både innland og utland. Utland kan nemnast Danmark m.a. Bornholm. Og innanlands til mange kjende stader: Nordfjord, Suldal, Utsira, Føyne, Tysnes, Trodla Tystad, Finnøy, Helgøy, Hardanger, Kvinnherad. På mange av bussturane har Klaus Muff og Svein Bjarne Aase vore med. KM-karane har også ved to høve spela inn songen sin. I 2006 med ein CD med 16 songar og no i 2024 med 6 songar på ABC studio der to førebels er filmatiserte og lagt ut på You Tube. Vi går viralt, som ein seier, med Kom til den kvitmalte kyrkje og «Etne du fagre». Flokken har vore på ca 20-25 medlemmer. Nokre har gått bort eller slutta, og nokre nye kome til. Vi opplever det som noko vanskeleg å finne yngre som vil bli med og senke gjennomsnittsalderen som no er nær 81 år, så det er vel ikkje visst kor lenge vi greier å halde på. Vi er takknemlege for kvart år vi får vere med å spreie ut den glade budskapen med songen vår om Jesus frelsaren vår.

Jørgen Hopland, leiar

Øyvind

Vår mann i rundsnipp heiter for tida Øyvind Heggland, stordabu av årgang 1959 med bustad på Hystad, og frå i haust prostiprest i Sunnhordland.

Han utdanna seg ved Diakonhjemmet og arbeidde fyrst som soknediakon i Stord, før vidare familierapeututdanning og teneste ved det kyrkjelege familievernkontoret i Haugesund.

I åra 2008 – 2011 var han kyrkjeverje på Stord.

Men før dette var Øyvind blitt godkjend av evalueringsnemnda i Kyrkerådet som skikka til presteneste, etter søknad frå biskop Ole Hagesæther. Etter ei teologisk vidareutdanning og praktikum ved MF i 2007, blei han i 2011 ordinert til presteneste i Sjømannskirken med særleg ansvar for Sveits og Nord-Italia, og bustad i Geneve. Her var han og kona fram til oktober 2014.

Då vende han tilbake til 9 års arbeid i familievernet, først i Haugesund og så på Stord.

Øyvind fortel korleis prestenesta hadde halde fram å dra i han, og korleis det på underleg vis la seg til rette. Etter å ha døypt eit barnebarn i Nidarosdomen, fekk han spørsmål derfrå om å gjera teneste, og var frå juni 2023 til august 2024 prest i nasjonal-



heilagdommen. Det var ei stor oppleving og ei rik erfaring.

No er han prostiprest her i 60 prosent stilling. I haust delt mellom Etne/Skånevik og Sveio, og frå nyttår her hos oss. Her vil han ha gudstenester og kyrkjelege handlingar, og konfirmantarbeidet i Skånevik.

Me ynskjer Øyvind hjarteleg velkomen mellom oss!

Harald Grønnevik

Lysmesse ved konfirmantane

Innimellom konsertar og kos i adventstida inviterer kyrkja til **Lysmesse i Etne kyrkje tysdag 10. desember kl. 19.00.** Konfirmantane i Skånevik og Etne medverkar i det som er ei stemningsfull gudstenesta med mykje lys og eigen liturgi. Den ber preg av vandra som ei føre-

buing til jul, og har fokus på at barnet me ventar på å feira kom for å gi lys til verda. Slik skal me også tenna lys i mørkret. Det blir også høve til ein kopp med gløgg og prat i Kyrkjetorget. Alle er velkomne!

Kari Vik Stubang



Helselaget
sitt nydelege
salatbord.

*Foto: Kari
Johansson*

Helselaget 140 år

I Skånevik finst Norges eldste lokallag av Nasjonalforeininga for folkehelsa, Skånevik Helselag. Tilbake i 1884 var det soknepresten i bygda, Peter W. K. Bøckman, som var med og starta laget, som opprinneleg heitte Skånevik frivillige fattigpleieforening. Som namnet seier skulle dei hjelpa fattige, sjuke og andre som trengte hjelp. På byrjinga av 1900-talet byta laget namn til Skånevik Syke- og Fattigpleieforening, skaffa sjukepleiar til bygda, og vart innmeldt i Nasjonalforeininga. Presten var fast sytremedlem og styremøta vart haldne i Prestagarden heilt til nyare tid.

I heile 90 år hadde Helselaget ansvaret for

sjukepleie i bygda. Oppgåvene til Helselaget har endra seg gjennom tida, og dei er i dag m.a. opptatt av å forebygge og informere om hjarte- og karsjukdommar og demens.

Helselaget er i høgste grad ein oppegåande jubilant med mange jern i ilden, og fleire årlege arrangement. På avskjedsgudstenesta for presten og hausttakkefesten pynta dei bedehuset til fest, og stelte i stand eit fantastisk flott salatbord, med mat til 80 personar! Skånevik Sokneråd vil retta ei stor takk for hjelpa og maten.

Kari Johanson

Takk til våre annonsørar!



LUNDENESET VGS
- en kristen internatskole i Ølensvåg

Salg, service og reiseliv
Studiespesialisering
IT og medieproduksjon
Påbygging til generell studiekompetanse

Misjonssambandet skoler



Ølen Begravelsesbyrå

Vi hjelper med alt innen

- Gravferd • Gravstein
- Minnesider

Døgnvakt: 908 70 379
olenbegravelsesbyra.no

Vindafjord • Etne • Tysvær

GRAVSTEIN

Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Orpetveitstvn. 59 • tlf. 52 70 42 90
Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

Vigor Bygg – bygger dine små og store bustadraummar

- Bustad
- Hytte
- Næringsbygg
- Rehabilitering
- Arkitekturarbeid
- Teknisketjenester
- Søknadsprosessar

Vigor BYGG Systemhus

– Ta kontakt for ein uforpliktande prat!

www.vigorbygg.no • Post@vigorbygg.no • TEL 906 91 614

LAUAREID
Service

MØBELRINGEN

SKL 

it TVEIT
REGNSKAP & RÅDGIVNING

Lundal
KVALITET SIDAN 1870

BRØDRENE
MÆLAND 

Grannar
Lokalavisa for Etne og Vindafjord

 **Etne Auto AS**

EUROSKO
Etne Senter • tlf 53 75 60 44

Ønsker din bedrift å teikna
annonseavtale i Kyrkjeposten?
Ta kontakt med kyrkjekontoret!

Kyrkjeposten treng di støtte

Etne og Skånevik kyrkjelyder
seier takk for alle gaver!

Kontonummer: 3626.46.37966

Vipps: 808258



Kyrkjelydane søker frivillige medarbeidarar

Kan du tenkje deg å delta i og hjelpe til med frivillig arbeid i kyrkja.

Me treng folk til mange forskjellige oppgaver:

- Frivillig medverknad i gudstenestene: kyrkjevert, medliturg og kyrkjetenar.
- Praktisk medverknad både i diakonalt arbeid og barne og ungdomsarbeid.
- Ymse vedlikehaldsoppgåver

- Kyrkjekaffi og baking/matlaging

- Teknisk lyd og bilde

- Medverknad rigg og rydd

Du er hjarteleg velkomen til å delta, frivillig arbeid er både kjekt sosialt og givande.

Ta kontakt med kyrkjekontoret for nærmare informasjon



På visitas hos Ellerhusen.

— Høvd. biskop Neumann (1822—1848) fortæller. —

Aar 1832 den 23. Juli visiterede jeg Anden Gang i Skåneviks Hovedkirke, hvor da Sognepræsten, hr. Ellerhusen, holdt en grundig og veludarbejdet Prædiken over Præd. 12,1. (Og tænkt paa din Skaber i din Ungdoms Dager, før end de endte Dager kommer, og Aar indtræder, om hvilke du skal sige: De behager mig ikke. —) Menigheden overværede Gudstjenesten med Andagt og Orden. Med megen Tilfredshed foraaen jeg denne Gang, hvorlunde Ungdommen havde været i grundig Religionskundskab, som den med Færdighed og Forstand gjorde rede for, ligesom den ogsaa denne Gang læste langt bedre, end førhen, inden i Bog. Skoleholderne fandtes udrustede med haardt Lyst og Evne til at opfylde deres Kald. Hovedkirkesangeren udførte sine Forretninger bra, men Almuen sang er endnu raa og skrigeende. —

Efter Overhøringen lagde Almuen et frivilligt Offer af 7 Spd. 13 S. paa Alteret til Sognekirkelighedets Forøgelse. —

Med fornøjet Haab om dette Præstegjelds varige Fremskridt til det Bedre, og med særdeles Agtelse for den værdige Menighedsfører, nedbøder jeg Himmels bedste Velsignelse over hver af dem her.

NEUMANN.

Aar 1838 den 8. Juli paa 4de Søndag efter Trøf. visiterede jeg fjerde Gang i Skåneviks Hovedkirke, hvor Stedets Præst, Hr. Ellerhusen, prædikede meget opbyggeligt over Dagens Evangelium. Andagten forstyrredes imidlertid i ikke ringe Grad over det, at Menigheden ikke forsamlodes til een Tid, men vedblev at komme lige indtil Prædikenens Slutning, Kl. over 12. Ungdommen syntes denne Gang ikke ret opvakt, men lod sig dog ved Katekisation lede til at finde rigtige Svar paa de fremsatte Spørgsmaal. I Bibelhistorien stod den særdeles tilbage. I indenadlæsning fandtes den derimod at have gaaet heldigen fremad. Tre af Skoleholderne aflagde Prøver paa deres Undervisningsmaade, og befandtes ret dygtige, især Haldor Haldorsen Ebøe. Kirkesangeren trænger snart til Afløsning. Kirkesangen lod ikke smukt. Efter Overhøringen offrede Menigheden ogsaa denne Gang til Almuebibliothekets Forøgelse, og der modtoges 3 Spd. 5 O. Over denne særdeles sødelige Menighed med hvide Herrens Velsignelse, og hans Kraft styrke Menighedens værdige Lærere! —

NEUMANN.



En velsignet julehøitid ønskes alle våre lesere!

Redaktør og utgiver sogneprest Kristen N. Nilsen, Skånevik.

Livets gang

ETNE

Døypte:

Rettingar for Kyrkjeposten aug. 2024:

16.06 Henny Marie Aspmo Birkenes

30.06 Ada Elisabeth Helgevold

14.07 Rakel Grindheim Hetland

25.08 Halvor Arefjord Stople

01.09 Linnea Kallestadbakken
Solheim

13.10 Ella Taraldsøy

13.10 Helle Lysholt Opheim

13.10 Dorthea Aakra Berge

13.10 Borghild Åsbø

27.10 Ivar Nesheim Drange

10.11 Gustav Kannelønning
Halleland

Vigde:

21.09 Linda Tjelmeland
og Inge Hebnes Hårajuvet

05.10 Inger Lise Kringlebotten
og Jon Kommedal Asheim

Gravlagde/bisette:

06.09 Cathrine Lien Sørheim

13.09 Antonio Majic

27.09 Judith Borghild Paulsen

27.09 Erna Lovise Steine

03.10 Nils Einar Steinstrø

15.11 Inge Martin Saltnes

27.11 Erik Bernhard Tjelmeland



Framme frå venstre: Sigrid Ljusnes Løvereide, Else Kambo Selland, Sævereid f. Birkenes, Berit Bjonnes Gilberg, Marta Onstein, Kirsti F
venstre: Kirsten Grindheim Stenevik, Audbild Åsheim f. Grønstad, 1
Eskevik, Else Grete Eikemo f. Gundegjerde, Torbild Grønstad,

Gullkonfirmantar i

Søndag 1. september var konfirmantane frå 1974 inviterte til gudsteneste i Etne kyrkje. Me, som for 50 år sidan sto konfirmantar i Stødle kyrkje for sokneprest Olav Øystese.

Denne søndagen var det også dåp og presentasjon av konfirmantane for 2025. Så var det gullkonfirmantane sin tur, som presenterte seg sjølve, ein for ein. Det var rundt 20 av oss som møtte.

Etter ei fin gudsteneste ved sokneprest Kari



1, Annvor Opedal f. Mæhle, Solveid Flesland Næs, Anne Cecile Kallestadbakken f. Bjørgen, Reidar Frette, Arne Aalvik. Bak frå 1, Rigmor Børretzen, Marit Kristin Øyjord f. Jørgensen, Gerd Jorunn Geir Ashbjørn Molland, Marie Ekronrud, Jan Hovda Nilsen.

Foto Bjarne Sævereid

Etne

Vik Stuhaug, samlast me til kyrkjekaffi, og fekk ei triveleg pratestund saman før me skildest.

Det må også nemnast at me laurdagskvelden samlast på Fønix til ein hyggeleg kveld med god mat og god prat. Til stor glede var også klasseforstandarane våre med oss, Kirsten Holm for A-kl og Øivind Holm for B-kl.

Takk til Kyrkja for invitasjonen!

Sigrid Løvereide

Livets gang

SKÅNEVIK

Døypte:

08.09 Ellinor Patricia Born

20.10 Sina Vimme Solberg

20.10 Viljar Hetland Sævereid

Vigde:

05.10 Tonje Elise Nordbø

og Sondre Fosså

Gravlagde/bisette:


29.08 Knut Arne Aakra

13.09 Arne Vika

04.10 Gudrun Røgelstad

15.11 Eivind Sævereid

Gudstenestekalender



24.12.	13:00	Frette kapell	Julekveldsgudsteneste	Kari Vik Stuhaug
24.12.	13:30	Fjæra kapell	Julekveldsgudsteneste	Harald Grønnevik
24.12.	14:30	Etne kyrkje	Julekveldsgudsteneste	Kari Vik Stuhaug
24.12.	16:00	Skånevik kyrkje	Julekveldsgudsteneste	Harald Grønnevik
24.12.	16:00	Etne kyrkje	Julekveldsgudsteneste	Kari Vik Stuhaug
25.12.	11:00	Skånevik kyrkje	Høgtidsgudstjeneste	Kari Vik Stuhaug
25.12.	12:00	Etne kyrkje	Høgtidsgudstjeneste	Harald Grønnevik
31.12.	17:00	Skånevik kyrkje	Nyttårsaftan	Øyvind Heggland
01.01.	12:00	Etne kyrkje	Gudstjeneste	Øyvind Heggland
05.01.	11:00	Etne kyrkje	Gudstjeneste	Kari Vik Stuhaug
12.01.	11:00	Etne kyrkje	Gudstjeneste	
19.01.	11:00	Skånevik kyrkje	Gudsteneste	Øyvind Heggland
26.01.	11:00	Gjerde kyrkje	Familiegudsteneste	Kari Vik Stuhaug
02.02.	11:00	Etne kyrkje	Gudstjeneste	Øyvind Heggland
09.02.	11:00	Etne kyrkje	Gudstjeneste	Kari Vik Stuhaug
09.02.	17:00	Skånevik kyrkje	Gudsteneste	
16.02.	11:00	Etne kyrkje	Gudstjeneste	
23.02.	11:00	Skånevik kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
02.03.	11:00	Etne kyrkje	Gudstjeneste	Øyvind Heggland
02.03.	17:00	Fjæra kapell	Gudstjeneste	Øyvind Heggland
09.03.	11:00	Skånevik kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
09.03.	17:00	Frette kapell	Gudstjeneste	Kari Vik Stuhaug
16.03.	11:00	Etne kyrkje	Gudstjeneste	Kari Vik Stuhaug
23.03.	11:00	Etne kyrkje	Gudstjeneste	
30.03.	18:00	Etne kyrkje	Ung Messe	Kari Vik Stuhaug
30.03.	18:00	Skånevik kyrkje	Samtalegudsteneste	Øyvind Heggland
06.04.	11:00	Etne kyrkje	Familiegudsteneste	Kari Vik Stuhaug
06.04.	17:00	Skånevik kyrkje	Familiegudsteneste	Kari Vik Stuhaug

Endringar kan koma, følg med i Grannar.



Opningstider

Onsdag 11-16, laurdag 11-15

Velkomen innom for ein god handel!

Redaksjonsnemnda i kyrkjeporten: Harald Grønnevik, Kari Johansson, Steinar Frønsdal,
Alf Østrem, Egil Larsen og Aud Jorunn Baustad. Layout: Mona Ingvild Svendsby.